

## **Referat frå elevråd 28.08.24**

### **Til stades:**

Sarah 8A, Marcus 8A, Victor 8B, Malin 8B, Roald 9A, Håkon 9A, Emely 9B, Lina 9B, Theo 10A, Ane 10A, Noah 10B, Emilie 10B og Grete

### **Sak 1 Bli kjent aktivitetar**

For å bli litt kjende og trygge på kvarandre, starta me elevrådet med ein «speeddate» og ein aktivitet som handla om det å ta val og kunna begrunna valet ditt.

### **Sak 2 Litt om elevrådet si oppgåva**

Elevrådet er elevane sitt organ på skulen. Her står dei fritt til å ta opp saker. Dei skal fremja felles interessene til elevane på skulen og jobba med å skapa eit godt lærings- og skulemiljø. Det skal velgjast ein leiar, nestleiar og sekretær. Det vil vera om lag eit møte i månaden. Nokre gonger kan det bli oftare om me har ei eller fleire saker me må drøfta. Nokre gonger kan det vera at leiinga på skulen ønskjer å ta opp noko. På Lye ungdomsskule plar me ha to frukostmøter i løpet av skuleåret kor Rektor deltek.

### **Sak 3. Konstitusjon av nytt elevråd**

Me hadde val og etter opptellinga blei Lina Hadland 9A vald til leiar. I tillegg tek ho på seg ansvaret med å skriva referat om det er behov for det. Nestleiar blei Noha K. Risa

**Sak 4. Info om utandørs bordtennis bord** Grete innformerte at elevrådet har rett over 20 000 tusen kr. I tillegg kan de henda at det er noko meir. Dette undersøkjer Grete. Kva skal me bruka desse pengane til? SKulen har fått tilbod om å kjøpa Teqballbord. Me kikka på ulike modellar og prisar. Elevane tek det opp i klassane sine.

### **Sak 5. Innkjøp?**

Elevrådsrepresentantane fekk i oppgåve å spørja i klassane sine, kva elevane på Lye ungdomsskule ønskjer at skulen kjøper inn. Dei sender melding på teams til Grete om det kjem opp noko.

### ***Referent***

Grete Reppe Håland,

Ansvarleg for elevråd, Lye ungdomsskule